

Referat frå oppstartsmøte - detaljregulering for Nærøyfjorden næringskai

1 Oppmøte

Førehandskonferansen er basert på planinitiativ motteke av kommunen:		07.12.2020
Møtestad:	Teams	Møtedato: 18.12.2020
Deltakarar frå forslagstillar:		Deltakarar frå kommunen:
Tiltakshavar:	Gudvangen Stein AS Arnstein Bjørke Frode Øvsthus Anders Øvsthus	Norunn Haugen Leiar Forvaltning og utvikling Ingunn B. Skjerdal - Kommuneplanleggar
Grunneigar:		
Plankonsulent:	Opus Bergen AS Johannes Sverdrup, Terje Vikestrand, Siren Therese Sælemyr	
Andre:	Nina Rieck – Asplan Viak Norsk gjenvinning m3 - Representert v/Tor Melø	

2 Saksnummer og plan-ID

Arkivsak nr.:	20/1136
Plan-ID:	Når forslagsstillar har varsla oppstart vert planen tildelt ein plan-ID som skal nyttast på alle plandokument. Ved mindre endring vert plan-ID frå gjeldande reguleringsplan nytta.

Tilhøvet mellom plan og eigedomsgrenser / kartgrunnlag:			
<input type="checkbox"/> Tiltaket utløyer krav om ny kartlegging i området, jf. kart- og planforskrifta §6. <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyer behov for kartlegging av eigedomsgrenser <input type="checkbox"/> Kart er av tilstrekkeleg kvalitet <input type="checkbox"/> Eigedomsgrenser er av tilstrekkeleg kvalitet <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje relevant			
Innspel frå kommunen:			
Noko av tiltaket ligg i felles utmark og det er grenser mot innmark, i og med at tiltakshavar ikkje rår over all grunn som skal regulerast og ev. gjerast tiltak på må det påreknast frådelling og oppmåling ev i etterkant.			
Kart	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning) Eventuell naudsynt justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

3 Formålet med planen

Forslagsstillar sitt føremål med planen/planendringa (bakgrunn og formål):	
<p>Formålet med planen er å legge til rette for ei tryggare (mellom anna mindre rasutsett) og større næringskai enn den Gudvangen Stein nyttar i dag, med tilhøyrande fasilitetar og ev. veg/tunnel, samt ev. fjellhallar for Formålet med planen er å legge til rette for ei tryggare (mellom anna mindre rasutsett) og større næringskai enn den Gudvangen Stein nyttar i dag, med tilhøyrande fasilitetar og ev. veg/tunnel, samt ev. fjellhallar for mellomlagring og utskipping av anortositt. Dersom planframlegg for Holmen gruve og deponi blir vedteken, vil også lossing av avfall skje på ny næringskai. Det vil i så fall vere snakk om direkte transport vidare frå båt med bil til deponi i Holmen. Mellomlagring og utskipping av anortositt. Dersom planframlegg for Holmen gruve og deponi blir vedteken, vil også lossing av avfall skje på ny næringskai. Det vil i så fall vere snakk om direkte transport vidare frå båt med bil til deponi i Holmen</p>	
Innspel frå kommunen:	I kommunikasjonen må forslagsstillar vere tydlege på kva som er målet med planen slik at det ikkje vert skapt forventningar om at alle problemstillingar innanfor området det vert meldt om oppstart for skal løysast i denne planprosessen. Vi er kjent med at det er fleire som har ønske om endringa av planen innanfor området. Aurland kommune har ikkje kapasitet til å bidra med det no.
Forslagsstillar sitt forslag til planavgrensing: <input type="checkbox"/> Ikkje relevant (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubygde tomter, heile delområde)	
Framlegget har med eit stor område som omfattar heile Gudvangen sentrum, bakgrunnen for det er at forslagsstiller ønsker å utgreie fleire alternativ. Målet er likevel å berre fremme plan for eit alternativ og at plangrensa i det endelege framlegget til plan skal vere tilpassa det alternativet som vert vald.	
Innspel frå kommunen:	Stor planområde, skape forventningar hjå dei som har eigedomar og aktivitetar innanfor området. Førre planprosess tok mange år – 5 år Vurdere to planområde for å ikkje skape forventningar om at området ved vikinglandsbyen, bensinstasjon og parkering skal vere ein del av planprosessen. Er det stor nok område ved tunnelmunninga i nord på Ramsøysida(skredviki) eller bør området her utvidast?
Forslagsstillar sitt forslag til plannamn: <input type="checkbox"/> Ikkje relevant	
Nærøyfjorden Næringskai -	
Innspel frå kommunen:	Trur det er eit bra forslag til namn

Type plan som er tenkt utarbeidd

Reguleringsplan etter plan- og bygningslova:
<input type="checkbox"/> Områderegulering <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering Endring av: <input type="checkbox"/> Områderegulering <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov

Ved endring av reguleringsplan gjeld same reglar som for utarbeiding av ny plan, jf. PBL. § 12-14. Ved endring av eldre planar må planen oppdaterast i tråd med ny planlov.

NB! Ved mindre endring vil berre delar av punkt 6 til 20 vere relevant. Ei mindre endring av reguleringsplan inneber ein enklare planprosess og ei lita justering av plankart og/eller føresegner.

4 Kommuneplanen og gjeldande retningslinjer

Samsvar med overordna plan:			
Planformålet samsvarar med overordna plan Innspel frå kommunen:	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Eit av områda som er aktuelle er innarbeidd i dei overordna planane. Dette gjeld Sjøskredviki. Alternativet med plassering av utskipingskai, lenger ut, på den sida kaia ligg i dag ligg ikkje inne i kommunen sine planar. Tilknytning til veg er ikkje ein del av dei kommunale planane. Problemstillinga er omtalt i reguleringsplanen for Gudvangen sentrum, at utskipingskai for stein vil bli eit tema i ein eigen prosess.			

5 Gjeldande og igangsette reguleringsplan(er)

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i PBL. Kap 4 og forskrift om konsekvensutredning (jf. PBL. § 12-3)

Arealbruk i planområdet er regulert av:	
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanen sin arealdel	
<input type="checkbox"/> Områderegulering (PBL § 12-2)	
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering (PBL § 12-3)	
<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)	
<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)	
Tilhøvet til andre planar:	
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil heilt /delvis erstatte følgjande planar:	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
1421-2008004 Gudvangen camping 1421-1988001 Gudvangen, 1421-2013001 – Gudvangen sentrum	
<input type="checkbox"/> Planen vil heilt/delvis grense til følgjande planar:	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området	
<input type="checkbox"/> Kommunen kjenner til følgjande planarbeid i området:	

6 Planområdet og verknadar planarbeidet vil føra med seg utanfor planområdet

Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønstruktur, senterområde, områderegulering)
Dei fleste verknadar vil vere merkast mest innan det 1,2225 km² store planområdet, og særleg i tettstaden Gudvangen. Avhengig av kva løysing (alternativ) sjølve planen blir basert på, vil det kome endringar i skipstrafikk, landevegstrafikk, tilhøve mellom tungtransport og andre trafikantar, mm, også utanfor planområdet. Det er eit mål å auka tryggleiken i samband med naturfarar som ras og skred.
Sjølv om dei fysiske verknadane av tiltaket vil vere størst i sjølve planområdet, vil målet om å redusere kontaktflata mellom tungtransport og publikum, inklusive reislivsnæringa og friluftinteresser, og å minska den visuelle påverknaden frå eksisterande og framtidig næringsverksemd, ha positive ringverknadar utover sjølve planområdet.

Ei omlegging eller nybygging av næringskai med tilkomstveg, ev. i tunnel, vil fungera som eit kraftig avbøtande tiltak i samband med pågåande regulering av Holmen gruve og deponi.

Alternativ (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering)

0-alternativ

Sannsynleg framtidig utvikling utan tiltaket, det vil i praksis svare til dagens situasjon, inkludert vedtatt reguleringar.

Alternativ 1

Ny kai ved dagens kai (som klimatilpassing, mtp. aukande fare for ras med meir ekstremvær), transport langs fylkesveg som i dag.

Alternativ 2

Industritunnel (dvs. ikkje offentleg veg) og innvendig fjellhall, på vestsida av fylkesvegen, fram til ny kai like nord for dagens kai. Ny avkøyring frå E16 ca. v/campingplass, tunnelinnslag der fjellet er egna.

Alternativ 3

Avkøyring frå E16 med T-kryss med venstresvingefelt; ca. kryss plassering ved Vikinglandsbyen/ butikk/bensinstasjon; ny veg fram til tunnelpåhogg sørvest for E16 og så ca. 800 m industritunnel som kryssar over E16 til Sjøskredviki, litt nordaust for Ramsøy. Ein fjellhall for mellomlagring anortositt og ein for kai/ innsegling. Alternativet gjer fråflytting av dagens næringskai areal, dvs. fristilling til andre formål.

7 Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak

Arealformål

Utbetring eller nybygging av næringskai, med kapasitet til å ta mot skip på ca. 100 m lengde. Føretrekt tilkomstveg vil gå dels i dagen, dels i industritunnel. Der tunnel møter kai, ønskjer ein å etablere ein hall for mellomlagring av anortositt, på om lag 2 500 m² inne i fjellet. Avhengig av lokalisering, kan det og bli aktuelt med ei innsegling inn i fjellet i ein annan hall, og slik skjerme trafikk og verksemd, både med tanke på det visuelle og tryggleik knytt til, t.d., ras.

Planprosess med utgreiingar vil syne om det er naudsynt å rive eksisterande bygningar i samband med utbetring/nybygging av veg og kryss. Det vil etter alt å døme vere snakk om eit svært lite tal, eller ingen, avhengig av traséval.

Aktuelle arealformål vil vere kai, veg, tunnel, lager, mm.

Det vil vere naudsynt å regulere i to plan, på bakken og under grunnen

8 Utbyggingsvolum og byggehøgde

I dei tre kolumnene under «Aktualitet» har vi sett opp ei stigande gradering frå 1-3 på dei ulike undertema, der 1 betyr «Ikkje aktuelt» 2 «Aktuelt» og 3 «Svært aktuelt».

Bygnad og bygnadsstruktur	Aktualitet			Merknad
	1	2	3	
Bygnad og byform	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Tunnelpåhogg vil vere viktig.
Bygnadsstruktur	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Utnyttingsgrad og byggehøgder (gjeldande planar, presedens) Om ein ønskjer detaljerte føresegner knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande bør desse ta høgde for framtidige endringar.	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fjellhallar kan vere i storleiksorden 2 500 m ² . Hall for mellomlagring er tenkt i ca. storleik 100 m lengde, 25 m breidde og 20 m høgde. Ev. innseglingsfjellhall er tenkt ca. 100 m djup, ca. 20 m brei og ca. 30 meter over sjø og ca. 10 meter under, dvs. 40 meter totalt. Sjå skisser av tverrsnitt og lengdesnitt i vedlegg.
Fjernverknad (plassering i terreng, terreng-formasjonar)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Påhogg til ev tunnel som vender mot fjorden vil vere ei viktig vurdering i planarbeidet.
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Energiløysingar (fjernvarme, passivhus, plussus, takform, beliggenheit)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

9 Funksjonelle- og miljømessige kvalitetar

Kva for kvalitetar vil prosjektet tilføre området?

Tiltaket skal bidra til å auka sikkerheita for dei som har arbeidsplassen sin på kaia; samt redusere kontaktflata mellom næringsbasert tungtransport på veg og fjord, og andre trafikkantar, fastbuande og besøkande. Ei ev. flytting av heile kaia til Sjøskredviki/Ramsøy vil kunne gje fleire positive verknadar:

- Endring i trafikkbilete – avlaste fylkesveg 5623, og betre tilhøva i kryss ved butikk og vikinglandsby
- Auka avstand mellom både fastbuande og turistar og støykjelder, støv og tungtransport knytt til næringsverksemd
- Auke tryggleik i samband med ras og anna naturfare, da dagens verksemd på kaia er særleg ras- og skredutsett
- Betre visuell skjerming av næringsverksemda, vil vere ei særleg bonus i eit naturskjønt område som tek i mot mange turistar, og ligg i verdsarvområde

10 Tiltaka sine verknadar på, og tilpassing til landskap og omgjevningar

Grønstruktur og landskap	Aktualitet			Merknad
	1	2	3	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Biologisk mangfald (skal kommenterast i alle saker, jf. naturmangfaldlova)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Grønstruktur	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Friluftsliv (dagens bruk, potensial, stiar, grøntkorridor)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Terrengbehandling og massebalanse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<p>Oppsummering: Ved å leggje til rette, slik at tungtransport kan takast bort frå fv. 5623, og ev. kaia i Gudvangen, vil det ha positive ringverknader for</p> <ul style="list-style-type: none"> • Landskap, særleg det visuelle aspektet • Kulturmiljø Gudvangen sentrum omsynssone • Naturmangfald, elv og sjø • Verdsarv og landskapsvern 			

11 Vesentlege interesser som vert påverka av planinitiativet

I utgangspunktet skal alle tema vere med i planomtalen. Dette for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante og kva tema som er relevante og dermed må følgjast opp vidare i plankart og føresegrer. Tema som er relevant i samband med vurdering av risiko- og sårbarheit skal inngå i risiko- og sårbarheitsanalyse etter PBL § 4-3, sjå punkt 12.

Det kan dukke opp andre problemstillingar. Ta kontakt for nærare avklaring når slike problemstillingar dukkar opp – t.d. gjennom innspel frå andre i planprosessen.

Samferdsle	Aktuelt			Merknad
	1	2	3	
Trafikk (sikkerheit, framkome, vegstandard, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Alternativ 1 hatt dialog med vegvesenet, det er løsbart, anleggs, fylkesveg til Bakka ev. over tunnel. Alternativ 3 kryssløysing, T ønsker kryssing av E 16 i tunell, Gudvangen kanalisering, høyresvingfelt og høyresvingfelt
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Sjø og vassdrag	Aktuelt		Merknad	
	Ja	Nei		
Vassdrag (byggegrense, bekk / elv, nedslagsfelt)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Nærøydalselvi er eit verna laksevassdrag, og renn i planområdet. Her må hovudtrekka i landskapet, kantvegetasjon, vasskvalitet, mm. takast omsyn til. Sjølve tiltaksområde er ikkje tett på vassdraget.	
Sjø (byggegrense)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sjø kan bli påverka både i anleggsperioden og driftsfasen. Dette må takast omsyn til.	
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
Kulturminne	Aktuelt		Merknad	
	Ja	Nei		
Vil forslaget få følgjer for kjente kulturminner? (enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		

Vil forslaget få følgjer for kjente kulturmiljø? (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Vidare er Gudvangen sentrum, der fv. 5623 leiar til kaia, der lastning går føre seg i dag, regulert med omsynssone for bevaring av kulturmiljø.
Vil forslaget få følgjer for kjente kulturlandskap?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Planområdet er lokalisert i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap/ delområde Nærøyfjorden, og dels i landskapsvernområde.
Born og unge	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstattingsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Nærmiljø	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønstruktur, gang- og sykkeltilknytning, støyskjerming, trafikkikkerheit)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	På fv. 5623 fram til kaia i Gudvangen kan det, i høgsesong for turisme, vere trøngt om plassen. Ei endring av tungtransport til og frå kaia, samt lossing og lastning, kan bidra til mindre konflikt med turistbussar og besøkande.
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafikkikkerheit, riggområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Vil påverke område ulikt avhengig av kva alternativ som vert vald
Helse	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK17 og Norsk standard gjeld)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssettjng, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Redusert støy og trafikk vil vere effekten av nokre av alternativa
Oppsummering:			

12 Korleis skal samfunnstryggleiken ivaretaast, blant anna gjennom å førebygga risiko og sårbarheit?

Tema som er relevant i samband med vurdering av risiko- og sårbarheit skal inngå i risiko- og sårbarheitsanalyse etter PBL § 4-3. ROS-analyse skal utarbeidast i samsvar med rettleiar frå DSB (samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging) https://www.dsb.no/lover/risiko-sarbarhet-og-beredskap/ Fylkesmannen har utarbeidd ei sjekklister til bruk i ROS-analysar, den ligg vedlagt.			
Risiko og sårbarheit	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (særlege ROS-tema, sjekklister bak)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Jord- og flomskred, steinspang og snøskred, Flaum, Trafikktryggleik, Støy, Støv, Forureining (luft, vassdrag, fjord), Samlokalisering sårbare objekt (verdsarv og landskapsvernområde)
Er området utsett for flaum, ras eller usikre grunnforhold? (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Er området utsett for støy eller annan forureining?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	I dag er transport, mellomlagring og lasting av anortositt til skip, aktivitetar som går føre seg i dagen, nær fastbuande og besøkande. Verksemda fører periodevis til både støy og utslepp av finstøv til luft.
Er det forureina grunn i området?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Alltid forureina langs veg, men ikkje kjend anna forureining i grunnen. Mellomlagring av anortositt gjev ikkje forureining til grunnen.

13 Kva for offentlege organ og andre interesser skal varslast om oppstart av planarbeidet

<input type="checkbox"/> I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon om viktige interessentar i plansaka til forslagsstillar. Døme på viktige interessentar er offentlege instansar, lokale instansar, kommunale instansar, grunneigarar, andre rettslege heimelshavarar, eventuelt naboar og andre.
Innspel frå kommunen:
Merknad til lista som er foreslått frå forslagsstillar: NVE- Norges vassdrags- og energidirektorat, Klima og miljødepartementet skal ikkje varslast direkte, dei vert varsla av miljødirektoratet, klima og miljødepartementet varslar vidare til UNESCO, jf. brev med informasjon om saksgang som kom i samband med oppstart av planarbeid for Holmen gruve og deponi.

14 Prossesar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynder, grunneigarar, festarar, naboar og andre som kan bli påverka av planen

Etter oppstartsmøte og politisk forankring vil oppstart av planarbeid verte varsla gjennom vanlege kanalar. Det vil seia i lokal presse (Sogn Avis og ev. Avisa Hordaland), på Aurland kommune og Opus sine nettstader, og med elektronisk eller fysisk brev til grunneigarar, naboar, offentlege organ og andre rørte parter. Innspel vil takast med vidare i utforming av planen. Ved offentlig ettersyn av planframlegget kjem ei ny moglegheit for allmenta til å utala seg, då om det meir omfattande planmaterialet, som vil vere samansett av m.a. plankart, reguleringsføresegn, planskildring med konsekvensutgreiing.

I tillegg til desse lovpålagte moglegheitene til medverknad, legg tiltakshavar opp til ei transparent prosess, med møte med grunneigarar, fastbuande og næringsdrivande undervegs.

Det er starta prosess med lokale næringsinteresser, politikarar og fastbuande; samt Statens vegvesen, som vil sette fleire av premissa for kryssløysing og lineføring for ev. nye trasear nær E16 og Gudvangatunnelen.

Forslagsstillar vil kontakta både Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) v/Nærøyfjorden verdsarvpark og verneområdestyre for Nærøyfjordområdet ved Verneområdeforvaltar for Nærøyfjordområdet.

15 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne ivaretakast, jf. forskrift om konsekvensutredning

Krav til planprosess og innhald i reguleringsplanen vil bli påverka dersom det er krav om nærare vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, krav om planprogram eller krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Forskrifta skil mellom planar som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram, jf. forskrifta § 6, og planar etter § 8 som skal vurderast nærare og konsekvensutgreiast dersom dei har vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. For reguleringsplaner etter § 8 som skal konsekvensutgreiast er det ikkje krav om planprogram.

Når forslagsstiller er ein annan enn planmyndigheten sjølv, skal planspørsmålet leggjast fram for planmyndigheten i møte. På møtet skal forslagsstiller gje si vurdering av om planarbeidet krev konsekvensutgreiing etter forskrifta §§ 6 eller 8.

Reguleringsplanar etter forskrifta § 8 skal vurderast etter § 10 om det er vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Forslagsstiller skal sjølv legge fram opplysningar som grunnlag for ansvarleg myndigheit si vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, jf. § 9. Forslagsstiller skal også sjølv gjere ei førebels vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar. Kommunen skal før planarbeidet startar, jf. plan- og bygningsloven § 12-8, og seinast **seks veker** etter at forslagsstiller har gitt opplysningar etter § 9 ta stilling til om planen kan får vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.

Dersom kommune krev at planen skal konsekvensutgreiast, skal forslagsstiller utarbeide framlegg til planprogram. Forslagsstiller legger deretter planprogrammet ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring, samordna med melding om oppstart av planarbeid. Det er kommunen som ansvarlig planmyndighet som fastsetter planprogrammet. Kommunen skal i samband med høyring av forslag til planprogram vurdere behovet for, og gjennomføre et offentlig møte om saken viss det er nødvendig.

Avklaring av behov for planprogram og/eller konsekvensutgreiing:

- Kommunen må ta stilling til om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. § 10
- Planen utløyser **krav om planprogram**, jf. PBL. § 4-1.
- Planen utløyser **krav om konsekvensutgreiing**, jf. PBL § 4-2 og KU-forskrifta § 6.
- Ikkje relevant, jf. punkt 5.

Innspel frå kommunen:

Kommunen legg til grunn vurderinga frå forslagsstiller og slutter seg til vurderinga av at det er behov for konsekvensutgreiing.

16 Andre forhold

I utgangspunktet skal alle tema referatet er innom vere med i planomtalen. Dette for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante og kva tema som er relevante og dermed må følgjast opp vidare i plankart og føresegner.

Det kan dukke opp andre problemstillingar. Ta kontakt for nærare avklaring når slike problemstillingar dukkar opp – t.d. gjennom innspel frå andre i planprosessen.

Tema	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Er det behov for rekkefølge på føresegna for å løyse utfordringar utanfor planområdet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Usikker, planprosessen vil avklare dette, men det vil truleg vere aktuelt med krav om opparbeiding og ferdigstilling av kryss
Har forslagsstillaren behov for å inngå utbyggingsavtale?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kva er hovudutfordringane i prosjektet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<ul style="list-style-type: none">• Trafikkavvikling i Gudvangen sentrum og bruk av kai• Val av ny trase og kryssløysing med E16, avstand til Gudvangatunnelen• Naturfarar• Tilhøvet til verdsarv og landskapsvern
Kommenter kort forhold som kan vere viktige for å gjennomføre planen.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Det er ei kopling mellom denne planen og pågåande regulering for Holmen gruve og deponi (4641-2020001), tiltak foreslått i denne planen kan fungere som avbøtande tiltak på fleire utfordringar som er knytt til nemnte plan.
Overordna framdriftsplan for planen inkludert behov for seinare dialogmøter mellom kommunen og forslagsstiller.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Går fram av planinitiativet
Kva ønskjer forslagstiller at kommunen skal bidra med undervegs i planarbeidet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Ikkje avklart særlege behov
Ønsker forslagsstiller parallell prosess plan og byggesak?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Tilhøvet mellom plan og offentlege anlegg:

Kommunaltekniske anlegg	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	

Vatn og avløp, overvasshandtering (uttale frå VA-etaten)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Planen skal sendast til VA-etaten for uttale og vere komplett for planframlegget vert sendt til 1. gangs handsaming
Renovasjon (teknisk løysing, lokalisering)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kommunal overtaking tekniske anlegg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Planløysingane må vere i tråd med kommunen sine krav til tekniske løysingar
<input type="checkbox"/> Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om utbyggingsavtale <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje relevant Innspel frå kommunen:			

<input type="checkbox"/> Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet. Spesielle krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar:
<input checked="" type="checkbox"/> Forslagsstillar har fått følgjande råd til planarbeidet:
Følg opp og utarbeid planmateriale i samsvar med planinitiativet
<input type="checkbox"/> I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

17 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen

<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet under føresetnadane som er nemnt i notatet. Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet:
Gjennom vedtak av oppstart av planarbeid for Holmen gruve og deponi, ligg det ei bestilling av dette planarbeidet. Aurland kommunen tilrår oppstart av planarbeidet, og meiner det er tilstrekkeleg med politisk handsaming av det planprogrammet etter at det har vore på høyring. Referatet frå oppstartsmøtet vil bli meldt opp til utval for plan og eigedom som referatsak.
<input type="checkbox"/> Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngeving frå kommunen:

Krav til varsel om oppstart av planarbeid , jf. PBL § 12-8 og forskrift om privat detaljregulering § 5:
- kunngjøring i ei avis (Sogn Avis)
- kunngjøring i elektronsike media, kan etter nærare avtale nytte Aurland kommune si heimeside.
- varsel om oppstart av planarbeid skal ha vedlagt planinitiativ og referat frå oppstartsmøte, sendast til berørte offentlege organ og andre interessentar, grunneigarar og festarar, naboar og ber
- kunngjøringa skal gje opplysningar om kvar planinitiativ og referatet frå oppstartsmøtet er tilgjengeleg for innsyn

18 Krav til utkast til plan (jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulerings etter pb§6)

Kommunen vil sjekke om utkast til plan er av god nok kvalitet til å ta opp til vidare politisk handsaming. Det er ikkje kommunen si oppgåve å oppgradere eit for dårleg utkast til god nok kvalitet. Om den ikkje stettar krava til kvalitet vil tiltakshavar sin konsulent få attendemelding om å utbetre manglar i utkastet.

Krav til utkast til plan er å finne her (statens kartverk):

<https://www.kartverket.no/globalassets/om-kartverket/fylkeskartkontorene/molde/fagomrader/arealplandata/sjekklister-tekniske-krav-regplan.pdf>

Kontaktpersonar	Namn	Kontaktinformasjon (e-post, telefonnr.)
Kommunen	Ingunn B. Skjerdal	ibs@aurland.kommune.no , tlf. 95984646
Tiltakshavar	I samsvar med planinitiativ	

19 Gebyr i plansaker

Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og med tidspunkt for fakturering. Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

Gudvangen Stein As

I etterkant av møtet sender kommunen forslagsstillar utfyllande informasjon om gjeldande gebyrregulativ og gebyr i plansaker.

20 Spørsmål som forslagsstillaren ønsker avklart

Eigedomstilhøve/ overføring/ byte, ved ev. utvikling av ny kai ved Sjøskredviki.

Tidleg dialog med grunneigarane er viktig, minnelege avtalar om bruk av grunn er det enklaste. Ein vedteken reguleringsplan kan ev nyttast som grunnlag for ekspropriasjon. Aurland kommune har svært skjeldan teke i bruk det verktøyet.

21 Stadfesting

Notatet frå oppstartsmøtet skal hjelpe fagkyndig plankonsulent i å utarbeide eit planforslag i tråd med kommunen sine forventningar. Verken førehandskonferansen eller notatet gjev rettar ved vidare handsaming av plansaka.

Sjekkliste for potensielle, uønskete hendingar til ROS-analysen

(Erstatter vedlegg 5 i DSB sin rettleiar)

Tema	Døme uønskete hendingar	Aktuelt i planområdet?	Grunngjeving og kjelder
STORE ULYKKER	Ulykker i næringsområde med samlokalisering av fleire verksemder som handterer farleg stoff og/eller farleg avfall		
	Brann/eksplosjon, utslipp av farleg stoff, akutt forureining (storulykkeverksemd, til dømes prosessindustri, tankanlegg for væsker og gassar, eksplosiv- og fyrverkerilager)	x	
	Brann i bygningar og anlegg (t.d. tilkomst for naudetatar, sløkkevasskapasitet, responstid, behov for nye beredskapstiltak)		
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	x	
NATURFARE	Overvatn		
	Flaum i store vassdrag (nedbørfelt >20 km ²)		
	Flaumfare i små vassdrag (nedbørfelt <20 km ²)		
	Erosjon (langs vassdrag og kyst)		
	Skred i bratt terreng Lausmasseskred (jordskred) Flaumskred Snøskred Sørpeskred Steinsprang/ steinskred	x	
	Fjellskred (med flodbølge som mogleg følgje)		
	Kvikkleireskred (i områder med marine avsetningar)		
	Stormflo i kombinasjon med havnivåstigning	x	
	Skog- og lyngbrann (tørke)		